

# Brattlandhaugen

Av Knut Raastad, 2017



Brattlandhaugen gnr. 70 bnr. 2 ligg i Nordherad og er i dag ein del av Brattland. Husa låg på haugen innanfor der tunet på Brattland er i dag.

Hans Jacobsen 1818-1911 var son til Jacob Olsen. I 1850 er Hans nemnd som Kveen og i 1851 Lyeneie. Hans Jacobsen vart 1851 gift med Anne Hansdotter Stokstadeie 1828-1913 dotter til Hans Knutsen Stokstadeie. Hans og Anne er i åra 1852-1854 nemnd som inderst på Ulsanden og Lyeneie, og 1856-1859 er dei husmenn på Smedsmoeie. Frå 1862 er dei husmenn på Brattlandhaugen, dei hadde 10 barn:

- Marit f.1850
- Marit 1852-1853
- Hans f.1854
- Kari f.1856
- Marit f.1859
- Jacob f.1862, til Amerika i 1880
- Johan f.1865
- Anne f.1867
- Barbro f.1870
- Hans f.1873, til Amerika 1893

I 1900 budde Hans Bratlandhaug 1818-1911 og kona Anne H. Bratlandhaug 1828-1913 att på Brattlandhaugen, Hans var da nemnd som dagarbeidar.

Ei tid budde Knut Olsen Brenden (frå Brenna på Tessanden) 1860-1948 og kona Marit Hansdotter Eklebakken 1860-1947 (frå Lom) på Brattlandhaugen. I 1910 budde familien på nigard Visdal, i 1900 på søre Ulsanden og åra før i Arnestugu ved Vetlesæter. Dei hadde 4 barn:

- Elias f.1886
- Iver f.1887
- Olea 1891-1975, g.m. Ola Erlandson Løkken. I Hummelgarden.
- Ole f.1900

Brattland vart frådelt frå Brattland med skylddeling i 1923, det er det året Brattland vart overført til Øystein Brattland. Kari Brattland har da halde att Brattlandhaugen, denne vart skjøta til sonen Olav Brattland for kr 2500,- i 1926 og øvre stugu på Brattland følgde med.

Kari Øisteinsdotter Brattland 1854-1935 var gift med Pål Olsen Rostad (Lom) 1848-1924 son til Ola Olsen Rostad 1812-1879 og Marit Øisteinsdtr. Kvamme 1816-1860. Kari og Pål hadde 3 barn:

- Ingeborg 1877-1969, g.m. Anders Gudbrandsen Strand n. 1878-1954. På Strand n.
- Marit f.1880, d.i Oslo
- Olav f.1887, g.m./skilt Minda Mørdre (Romedal), g.m. Ingebjørg Olstadbakken (V.Gausdal)

I 1865 var det på Brattlandhaugen 1 ku og 3 sauer. Det vart sådd ½ tønne bygg.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Sygard Valde med grenene på Brattland og Visdal  
Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: avskrifter panteregister, pantebøker mm.

Folketelling 1865, 1900